



Vestland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/640 - 22/5930

Sakshandsamar:
Sigvald Kvinge
sigvald.kvinge@masfjorden.kommune.no

Dato:
07.07.2022

Søknad om endring av fartsgrenser på fylkesvegar i Masfjorden kommune

Masfjorden kommunestyre vedtok, i sak 010/22, kommunedelplan for trafikksikring for Masfjorden kommune 2021 – 2032.


Som del av denne vart det vedteke å søkja om endring av fartsgrense ved fem lokasjonar på fylkesvegane i kommunen.

Masfjorden kommune søker med dette om endring av fartsgrense for desse fem lokasjonane på bakgrunn av føljande:

1. Reduksjon av fartsgrense Fv 570 på strekninga Sandnes skule - Masfjordnes fergekai

Området som vegparsellen går gjennom er eit område med aukande bustadbygging og talet born som går til og frå skulen er stort. Det er 12 avkøyrslar i området, noko som også underbygger behovet for fartssereduksjon for å førebyggja uønska hendingar. Gjeldande parsell har ei lengd på om lag 1100 meter. Det er berre delar av strekninga som i dag har veglys og det er ingen gang og sykkelsti på parsellen. Det er 40 km fartsgrense på ein liten del av strekninga der vegen passerer Sandnes skule, men behovet er også stort der borna ferda til og frå skulen. Omsøkt tiltak kjem i forlengelsen av eksisterande 40 – sone.

Masfjorden kommune gjev dette tiltaket høg prioritet i sin trafikksikringsplan og på bakgrunn av dette vert det med dette søkt om reduksjon av fartsgrensa frå 50 km/t til 40 km/t for heile parsellen (sjå vedlagt kart).




Tiltak 31 – Reduksjon av fartsgrense på Fv 570 Sandnes skule – Masfjordnes fergekai

2. Reduksjon av fartsgrense Fv 570 ved Nordbygda skule og barnehage (Hosteland).

Området som her vert søkt endra fartsgrense for, er på veg som i stor grad vert nytta som gjennomkjøringsveg. Det er eit stort tal tyngre køyretøy på vegparsellen som skal til og frå industriverksemndene i Sløvåg, Skipavik og Mongstad. Dette utgjer ein særskild risiko i tillegg til at vegen er ein predefinert omkjøringsveg for større køyretøy når E-39 er stengt. Gjeldande parsell er også eit fysisk skilje mellom buidsadområdet i Hostelandslia og skule/barnehagetilbodet som ligg på andre sida av fylkesvegen. Dette medfører at alle born og vakne som

skal til og frå skule og barnehage, må kryssa fylkesvegen. Dette er ein stor risiko. Det er ikkje spesielt tilrettelagt for kryssing av vegen og det naturlege kryssingspunktet ligg i avslutninga av ein kurve på vegen. Det er også fleire turruter i området. Mange personar går langs og kryssar fylkesvegen kvar dag i samband med dette.

Masfjorden kommune ynskjer ein reduksjon av fartsgrensa på 370 meter av fylkesvegen som skil Hostelandslia og Nordbygda skule frå 60 til 40 km/t. Dette er eit prioritert tiltak i kommunen sin handlingsplan for trafikksikring.



Tiltak 44 – Reduksjon av fartsgrense Fv 570 ved Nordbygda skule

3. Reduksjon av fartsgrense Fv 570 på strekninga Nordkvingo – Sørkvingo

Sjølv om Masfjordbrua enno ikkje er på plass ser ein at trafikkgrunnlaget på Fv 570 mellom Andåskryssset (E-39) og Masfjordnes fergekai er aukande. Frå 1. juli 2022 vart fergesambandet Duesund – Masfjordnes gratis og det er forventa at trafikkmengda på vegen vil auka monaleg på grunnlag av dette. Fylkesvegen gjennom området har vore gjennom ei større oppgradering dei siste åra og fleire tiltak er under planlegging.


På deler av vegstrekninga har det vore gjennomført utbetringar, noko som har medført høgare hastighet. Dette gjeld også strekninga som er vist til her. Det er ei mindre bru (om lag 10 meter) på vegstrekninga med berre eit køyrefeldt. Her er ikkje plass til både køyretøy og fotgengjarar. Brua representerer ein stor risiko.



Tiltak 60 – Bru på Fv 570 Sørkvingo

Også her er det mange utkøyrslar, 25 i talet, i tillegg til mange fotgengjarar og skuleborn langs vegen. Det er heller ikkje gang og sykkelsti på storparten av parsellen.

På bakgrunn av dette og i henhold til plan, sokjer Masfjorden kommune om redusjon av fartsgrensa frå 80 km/t til 60 km/t for parsellen mellom Austfjordvegn 1008 – vegkryss Fv 570/Kvingedalsvegen. Distansen er på 2940 meter. (for detaljar, sjå vedlagt kart).




Tiltak 60 – Reduksjon av fartsgrense på Fv 570 Nordkvingo – Sørkvingo

4. Reduksjon av fartsgrense Fv 5436 på strekninga Hosteland vegkryss – Midtbø

Fv 5436 går, mellom anna, gjennom gardstuna på Hosteland. Her er det i dag 50 km i timen. Det er 8 stygge utkøyrslor og fotgengarar langs vegen i tillegg til landbruksaktivitet. Her er heller ikkje gang og sykkelveg eller veglys på strekninga. Omsøkt parsell er på 525 meter.

Masfjorden kommune søker med dette om redusert fartsgrense på denne parsellen frå 50 km/t til 30 km/t.



Tiltak 68 – Reduksjon av fartsgrense på Fv 5436 Hosteland vegkryss - Midtbø

5. Reduksjon av fartsgrense Hostelandstunellen – Areklettvegen vegkryss

Fartsgrensa på denne parsellen er i dag 80 km/t. Det er mang syklistar på vegstrekningen. Parsellen ligg på aksen Skjelsundet – Nordbygda skule. Det er ikkje gang og sykkelsti på vegstrekningen. Området parsellen går gjennom er ikkje bebygd og det er soleis særsmørkt langs vegen. Her er ikkje veglys. Lengda på parsellen er 840 meter.

Masfjorden kommune søker på bakgrunn av dette om at fartsgrensa vert redusert frå 80 km/t til 60km/t.



Tiltak 9 – Reduksjon av fartsgrense Fv 570 Hostelandtunellen – Areklettvegen vegkryss

Eg ber om at det vert gjennomført synfaring av parsellane før det vert teke avgjersle i saka. Ta gjerne kontakt med underteikna for slik avtale.

Med helsing

Sigvald Kvinge
rådgjevar
Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakarar:

Vestland Fylkeskommune

Postboks 7900 5020

Bergen